



Pressemelding 15.03.2020

Innbyggjarservice er stengt, men du kan framleis ringe

Innbyggjarservice i Knarvik senter, på kommunehuset på Frækhaug, på kommunehuset på Manger og Alver rådhus vil vere stengt for personleg oppmøte frå måndag 16. mars.

Vi er tilgjengelege på telefon. Ring oss på 56 37 50 00 om du ønskjer å komme i kontakt med Alver kommune.

Plan- og byggjesaksvakta er og stengt for personleg oppmøte, men du kan sende ein e-post til planforvaltning@alver.kommune.no og byggesak@alver.kommune.no , eller ringe på telefon 56 37 50 00

Redusert kapasitet på legekantora

Situasjonen kring koronaviruset gjer at legekantora har svært redusert legekapasitet til ordinære legetimar. Ordinære timar kan bli avlyst eller utsett. Legekantoret vil sende ut melding til dei det gjeld. Vi oppmodar pasientar til å opprette e-portal brukar, slik at det kan nyttast e-konsultasjon med fastlegen.

Blodprøve vert berre teken etter avtale. Dersom det er tvil om kva som er «avtalt blodprøve» - ta kontakt på e-portalen eller på telefon.

Fleire kommunale bygg er stengte. [På denne lenkja finn du ei oppdatert liste over kva kommunale bygg som er stengde.](#)

Spørsmål kan rettast til pressekontakt Ingunn Gjærde, 918 03 962, ingunn.gjerde@alver.kommune.no